

Melodiane i språket

Av Jardar Eggesbø Abrahamsen

Språket er fullt av tonar. Når me snakkar, høyrer me at stemmeleiet går både opp og ned heile tida. Dersom me skifter ut orda våre med «la la la», så høyrer me det endå betre.

Når me bøyer eit ord, t.d. *bil–bilen–bilar–bilane*, veit me at me har med grammatikk å gjera. Det finst grammatiske reglar som seier at i fleirtal skal me hekta på visse endingar. Og sidan dette er ordet *bil*, skal desse endingane innehalda vokalen *a*. Annleis er det med eit ord som *fot* eller *bot*, som i fleirtal skal ha endingar med vokalen *e*, i tillegg til at *o* vert til *ø*: *føter–føtene*, *bøter–bøtene*.

Det er ikkje berre bøyingsendingar som har med grammatikk å gjera. Språktonar har òg sine grammatiske reglar å styra etter.

I norsk har me språktonar på to nivå. På den eine sida har me dei tonane som er direkte knytte til trykket i eit gjeve ord eller ei gjeven bøyingsform av ordet. Dette er det som vert kalla tonelag. Men det finst òg tonar og tone-fenomen som er knytte til slikt som generelt femner om meir enn eitt ord, anten det no er snakk om setninga (eller «ytringa») som heilskap, eller eit avgrensa område av denne. Dette er intonasjon.

Høyr tonelaga

Sei ordet *ranet* (bunden form av *eit ran*). Sei deretter verbet (*å*) *rane*. Pass på å seia orda heilt isolert, altså at du ikkje koplar dei saman som i oppramsing, men berre seier eitt og eitt ord som om du ikkje har tenkt å seia noko anna i livet enn akkurat det ordet.

I dei fleste norske og svenske dialektane er det ein skilnad mellom orda. Men kan du høyra kva skilnaden konkret går ut på?

Dette vert litt enklare dersom me i staden for *ranet* og *rane* seier *la-la*, men på dei same melodiane som dei verkelege orda. Dersom du er vestlending eller nordlending, og dersom du har tonelagsskilnad i dialekten din, så vil du truleg høyra dette:

Substantivet *ranet* byrjar høgt oppe, og så fell toneleiet nedover til ein lågare tone, og på det nivået vert toneleiet liggjande. Verbet *rane* byrjar derimot lågt nede, men stig langsamt mot ein høg tone, før toneleiet fell nedover til ein låg tone igjen.

Er du austlending eller trønder, er tonerørslene motsette: I *ranet* byrjar toneleiet langt nede, før det fer oppover. I *rane* byrjar me høgt oppe, fell noko nedover, og stig igjen til slutt. Både det vestnorske og det austnorske systemet varierer noko i detaljane frå dialekt til dialekt, og det finst jamvel stader på Vestlandet der ein kan møta eit «austnorsk» system.

Dersom me bed ei datamaskin om å fortelja oss korleis ho «høyrer» desse orda, vil maskina seia akkurat det som eg skreiv no nettopp. I figur 1a ser me substantivet *ranet*, uttala av meg, som er sunnmøring (dvs. vestlending). Bortover frå venstre mot høgre har me dei ulike lydane i ordet, *r*, *a*, *n*, *e* (t vert jo ikkje uttala). Og kurva som me ser, er tonehøgda, målt i Hertz (svingingar pr. sekund). Det er noko meir nøyaktig enn om me hadde brukt eit notesystem med fem liner, og skrive inn notar der.

Språkforskarane arbeidde faktisk med notar før, og for illustrasjonen si skuld har eg laga ein figur 1b, som svært omtrentleg viser det same med notar som figur 1a viser med Hertz-kurve. Bogen i figur 1b markerer det som heiter glissando i musikkterminologien, altså ein glidande overgang mellom dei to tonehøgdena.

Medan figur 1a og 1b viser substantivet *ranet*, ser me i figur 2a og 2b verbet *rane*. Kvar av lydane *r*, *a*, *n*, *e* varer ei viss tid, og eg har sett eit lite strek mellom kvar av dei. Sjølv tidslina har eit merke for kvart 0,2 sekund.

Kva er tonelaga?

Eit viktig prinsipp i moderne toneforskning er at ein ikkje operer med «stigande» eller «fallande» toneleie. I staden seier ein at når toneleiet stig, er det fordi toneleiet vil gå frå ein låg tone til ein høg tone, og motsett ved «fallande» toneleie.

Medan tonesystemet i musikken har tolv tonar med smått og stort i ein skala, så har språk som norsk berre to tonar, som me kallar H (høg) og L (låg). H og L i språket treng ikkje uttalast med like nøyaktig tonehøgda som t.d. ein einstroken c i ein musikalsk skala. Det viktige er at L er lågare enn nabotonen H, og at H er høgre enn nabotonen L.

I ordet *ranet*, uttala på sunnmørsk, har me då fyrst ein høg tone (H), og deretter ein låg tone (L), og korkje meir eller mindre, sjølv om den låge tonen breier seg over både slutten på fyrste stavinga og heile den andre stavinga.

I verbet *rane* har me begge dei to tonane som me hadde i substantivet *ranet*, altså H og L. Men før den høge tonen har me i *rane* ein ekstra førekomst av ein låg tone, slik at melodien ikkje vert HL men LHL.

Og dette er det som er den store skilnaden mellom dei to orda. Begge har dei trykket på den fyrste stavinga, men melodien er litt ulik, med ein ekstra tone i verbet *rane*.

Når me på sunnmørsk berre har tonehøgdena H og L (eller L og H i austnorsk), seier me at ordet har tonelag 1. Når me har ein ekstra L til venstre (ekstra H i austnorsk), seier me at ordet har tonelag 2. Andre nemningar for tonelag er m.a. tonem og ordaksent. Kjært barn har mange namn. Etter den siste L på sunnmørsk kan det, uavhengig av tonelaget, koma føre ein ekstra H, men det skal me ikkje grava oss ned i no.

I ein del av vestnorsk er jamvel tonelaget det einaste som skil mellom ulike former av det same ordet. Dersom me skal bøya verbet *skrive*, så har sunnmøringane tonelag 2 i infinitiv (LHL: *skrive*), men tonelag 1 i presens (HL: *skriv'e*). Då kan me seia at skilnaden mellom dei to

formene er at infinitivsforma har eit tonalt prefiks (L) som presensforma ikkje har, og elles er dei to formene like (HL).

I normert nynorsk kan me i tillegg seia at infinitivsforma har eit e- eller a-suffiks som presensforma ikkje har (*å skriva/skrive – no skriv han*). I atter andre verb (*så – sår*) er det berre eit r-suffiks som skil.

Med dei sunnmørske melodiane HL (for tonelag 1) og LHL (for tonelag 2) ser me at begge tonelaga har ein obligatorisk H i samband med hovudtrykket, og ein L etterpå. Då er det rimeleg å rekna med at HL-sekvensen er knytt til den delen av den generelle intonasjonen som har å gjera med metriske (rytmiske) forhold. Tonelag 2 er då berre ein ekstra L-tone saman med alle dei tonane som setningsmelodien likevel vil innehalda. Tonelag 1 er rett og slett fråværet av ein slik ekstra L-tone.

Tonegrammatikk

Dømet med verbet *skrive – skriv'e* seier oss at tonar kan ha rett mykje med grammatikk å gjera, og at dei kan oppføra seg på same måten som bøyingsaffiks oppfører seg.

Men tonane har òg sin eigen tone-grammatikk, uavhengig av bøyings-grammatikken. I figur 2a er dei to fyrste tonane (L og H) pressa saman på éi staving, slik at me får ein stigande tone der, ein glidande overgang mellom dei to. Men tenk deg no at ein sunnmøring er bortom grannen sin for å slå av ein prat. Grannen opnar døra, og spør på ein spøkefull måte om kva han vil. Då får gjesten med eitt eit svolte glis i andletet sitt, stirrar på kakestykket som grannen held i handa, og så seier han: «Rane deg!»

På sunnmørsk vert dette uttala omtrent som «rane di». I alle fall vart det både kake og kaffi på gjesten. Men kva skjer med tonefallet? Me har framleis ein låg tone, ein høg tone og ein låg tone, LHL-melodi. Men kvar hamnar no den høge tonen?

Til vanleg vil den høge tonen i dette dømet hamna på den andre stavinga. Ikkje mot slutten den fyrste stavinga (*ra*) som i figur 2a, men i vokalen i den andre stavinga (*ne*). Stemmeleiet stig i n-en og litt på slutten av a-en, men det er berre for å rekka å koma seg opp til toppunktet i e-en.

Me ser dette i figur 3a. Den fyrste, låge tonen har her heile den fyrste stavinga å breia seg på. Sjølve tonane i melodien LHL er dei same som i figur 2, men dei tre tonane landar på ulike stader i teksten. Den høge tonen utgjer dermed ein meir markert topp på ei eiga staving i figur 3a, medan han berre kjem som toppunktet på ei generell stiging i figur 2a.

Intonasjon

Og slik har me ein grammatisk regel som seier at i sunnmørsk tonelag 2 kan tonane koma på ulike stader, alt etter kor god plass me har å gjera på. Og endå meir interessant: Det er ikkje lengda på sjølve ordet *rane* som avgjer kvar tonane landar, men summen av dette ordet og det som måte koma etterpå.

Då er me for alvor inne på det som heiter intonasjon. Og samstundes har me sett kvifor det er lurt å operera med berre låg tone og høg tone, og seia at «stigande tone» (som i figur 2) er sett saman av desse to. Hadde me hatt «stigande tone» som ei eiga, usamansett toneining jamsides med L og H i språket, så ville vekslinga mellom «stigande» i figur 2a og «L + H» i figur 3a ha vore mykje meir komplisert å gjera greie for.

Med berre to tonar å forhalda oss til kan me på ein enkel måte seia at det vart så trøngt i figur 2a at to tonar vart pressa saman på éi staving, noko dei slapp i figur 3a.

Neddrift

I figur 3a har me altså ein låg tone, ein høg tone, og til slutt ein låg tone igjen, og stemmeleiet svingar frå botn til topp til botn.

Men me ser òg at den siste lågtonen er lågare enn den fyrste lågtonen. Det er som om heile greia flyt nedover.

Og slik er det faktisk. Sjå på figur 4. Der slår eg, sunnmøringen, berre fast ut i det blå at *ranaren rana ein diger mann*. Uttalen er omtrent som «ranarì rana enj diger mannj».

Det me ser i figur 4, er at toneleiet buktar seg opp og ned, men slik at alt kjem stendig lågare ut gjennom setninga. Eg har teikna eit strek som går på skrå langs topp-punkta. Ei slik gradvis nedgliding vert gjerne kalla «neddrift» eller «deklinasjon», og finst i veldig mange språk, kanskje alle.

Og når det finst i kanskje alle språk, så kunne ein kanskje gissa at tonen kjem stendig lågare etter kvart som det vert mindre lufttrykk i lungene. Dette må ha med fysiske og anatomiske ting å gjera, kunne ein seia då, og ikkje med grammatikk.

Men dette kan ikkje stemma.

Lat oss tenkja oss den situasjonen at du er svolten, og spør ein sunnmøring om den rare dama la mòren på ein viss stad. Då svarar sunnmøringen: «Nei, nei! Den rare *mannen* la mòren der!»

Dette kan uttalast på eit lite knippe måtar. Men legg han vekt på «mannen», kan det m.a. sjå ut som i figur 5, der eg har sagt «denj rare *mannji* la mårì der». Og det me ser og høyrer, er at me har to slike neddriftsområde på éin einaste pust.

I mitt døme, der eg òg har trykk på «la», byrjar det andre neddriftsområdet like etter ordet «mannen», som fekk spesielt *mykje* trykk. Du har kanskje gissa det, men dette er ikkje tilfeldig. Måten ordet «mannen» vart lagt vekt på, fekk konsekvensar for korleis tonefallet oppfører seg etter det ordet. Hadde eg uttala «la» heilt trykklett, som òg går an, ville den nye neddrifta ha byrja fyrst med «mòren», altså med neste trykkstaving.

Nok ein gong har me altså med ein tone-grammatisk regel å gjera. I andre språk treng ikkje regelen vera som på sunnmørsk. Så medan ein på sunnmørsk har neddrift både til venstre og til høgre for ordet «mannen», så har ein på austlandsk neddrift berre til høgre for det ekstra sterke trykket.

Toneforskning generelt

Det å forska på setningsmelodi, intonasjon, i eit grammatisk perspektiv, er ikkje noko nytt her til lands. Ei doktoravhandling om austnorsk intonasjon kom ut allereie i 1916 (Ivar Alnæs: *Norsk sætningsmelodi*). Men sidan norsk har tonelag, har dei fleste konsentrert seg om desse. Den neste doktoravhandlinga om norsk (austnorsk) intonasjon kom ikkje før i 1992 (Randi Alice Nilsen: *Intonasjon i interaksjon*).

Dei gamle toneforskarane (særleg før Thorstein Fretheim ved Universitetet i Trondheim byrja å setja fokus på intonasjon på 1980-talet) uttala ofte einskildorda som om dei skulle ha vore avslutta setningar, slik som i figur 1a og 2a her. Når me no veit at det finst tone-fenomen som er knytte til heile setningane, eller til delar av setningane, så seier det seg sjølv at det fort kan verta rot med den gamle måten å forska på. Det vart gjerne til at ein blanda saman kva som skreiv seg frå ordet, og kva som skreiv seg frå andre tilhøve, og så gav ein ordet æra for heile greia.


Nokre av dei gamle toneforskarane var òg veldig orienterte mot dei konkrete lydane i språket (fonetikk), og gjekk dermed glipp av sjølve det grammatiske systemet til lydane (fonologi).

Grammatikken til setningsmelodien generelt er meir utforska i t.d. engelsk enn han er i norsk. Men det kjem seg, både her til lands og i Sverige, som òg har vore litt blanda av tonelaga opp gjennom åra. I vest-europeisk perspektiv er nemleg tonelag heller sjeldsynt, og finst berre i (mesteparten av) norsk og svensk, i tillegg til nokre danske, tyske og nederlandske dialektar.


I verdsperspektiv er det regelen heller enn unntaket at tonar spelar ei stor rolle både i grammatikken generelt og i ordtilfanget. Der norsk skil mellom *tanken* (ein tank) og *tanke* (ein tanke), kan t.d. mandarin (dvs. standard nordkinesisk) skilja mellom fem ulike ord *ma*, alt etter tonane: *mor*, *hamp*, *hest* og *å skjella ut*, i tillegg til eit grammatisk ord. Så den nordmannen i Kina som ikkje held tunga beint i munnen, kan snøgt gjera feil.

Det kan sjølv sagt gå gale på norsk òg, om ein amputasjonskirurg som har lært norsk i vaksen alder, får spørsmålet «åt du krokete eller beine agurkar?» – og svarar: «Eg åt beinet.»


Figur 1a: ranet



Figur 1b: ranet




Figur 2a: rane




Figur 2b: rane




Figur 3a: rane deg



Figur 3b: rane deg



Figur 4: ranaren rana ein diger mann



Figur 5: den rane MANNEN la mòren der

